

Elin H. Fanebust
Lindåsvegen 2088
5955 LINDÅS

Våge, 24.07.2018

Hordaland Fylkeskommune
Fylkeskonservatoren,
avdeling for arkeologi og kulturminne

kopi: Lindås kommune, ansvarshavande for kulturminne/kulturvern

INNMELDING AV FUNN - gbnr 99/1 Våge i Lindås kommune

Vil melde frå om funn gjort på gnr.99 bnr.1 Våge i Lindås kommune. Den aktuelle grunnen til at ein akkurat no melder frå, er at det pr dato foreligg konkrete planer om omfattande endring av kulturlandskapet der funna er gjort, i form av anleggsarbeid som graving og bortskyting.

Gjenstand 1: Slagg etter blestring, sjå foto. Har på same staden gjort fleire funn av same kategori, dessutan div. ulike restar av jern.

Funnstad: I hovudtunet på gnr. 99 bnr. 1. **Høgd over havet:** ca 41 m.

Området der funnet er gjort er på eit høgdedrag i landskapet som består av grunt jorddekkje og mykke berg. Det finst fleire naturlege oppkommer av vatn i området, den nærmeste mindre enn 10 meter frå funnstaðen.

På same høgdedrag med berg, ca 100 meter lenger sør, er det også gjort følgjande funn:

Gjenstand 2: Ei uthola grop i eit av dei høgstliggjande, glatte berga, sjå foto. Gropen har diameter ca 7,5 cm og ei djupne på ca 10 cm. **Høgd over havet:** ca 45 m. Dette kan godt muleg vere ei offergrop, såkalla skålropp, og bør undersøkjast. Via skriftlege kjelder finn ein at slike gropar samanfall i tid med blestrings-aktivitet, noko som gjer begge funna ekstra interessante. Gropen på Våge kom til syne for eitpar år sidan i samband med vekkgraving av jord i hensikt å skyte vekk eit større område med berg.

Funnstad: ca 100 meter sør for blestringsfunn. Dette funnet ligg på bruk nr. 4 på Våge, ca 10 m utanfor dagens grense til bruk nr 1. Sidan vi kjenner til at det foreligg nær foreståande planer om å sprenga vekk området, inkludert denne hola som ser ut som ei skålropp/offergrop i landskapet, er vi uroa over at viktige funn med dette kan gå tapt utan å bli registrert eller undersøkt.

Gjenstand 3: På bruk nr.1 er også funne ei steingryte, sjå foto. Funnstaðen her er kloss i hovudhuset på bruk nr. 1.

Ta gjerne kontakt, eg bidreg svært gjerne dersom det er bruk for fleire opplysningar.

Med vennleg helsing
Elin H. Fanebust
(elektronisk brev, difor utan underskrift)

mob. 97714283
e-post: herfaneb@online.no

